



Innkalling
av
Formannskap – styringsgruppe
Kommuneplanen sin samfunnsdel

Møtedato: 29.09.2021
Møtestad: Helsehuset
Møtetid: 09:00 - 15:30

Eventuelle forfall må meldast til <https://www.alver.kommune.no/innhald/politikk-og-hoyringar/politikk/melde-forfall-til-politiske-mote/>

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Sakliste

1. Ambisjonar og målformuleringar i samfunnsdelen
 - Styringsgruppa skal jobbe med ambisjonar, mål og delmål i samfunnsdelen.
 - Bruk vedlegg 1 til førebuing før møtet
2. Prinsipp for arealbruk og senterstruktur
 - Bruk vedlegg 2 til førebuing før møtet
 - I møtet vil administrasjonen presentere grunnlaget for diskusjon
 - Diskusjon i styringsgruppa
3. Har styringsgruppa andre innspel til høyringsdokumentet?
 - Bruk vedlegg 3 til førebuing før møtet

22. september 2021

Sara Hamre Sekkingstad
ordfører

Arbeidsdokument til formannskapsmøte onsdag 29. september 2021

Brukarrettleiing

Dette er eit arbeidsverktøy til møte i styringsgruppa for kommuneplanen sin samfunnsdel, onsdag 29. september frå klokka 09.00.

Om dokumentet

Dette dokumentet blir grunnlaget for diskusjonen i møtet til styringsgruppa 29. september. Vi har nummeret alle måla og delmåla, slik at det blir enkelt å diskutere innhaldet og kome med forslag til endringar.

Førebuing til møtet

Høringsutkast til administrasjonen inneheld forslag til 2 hovudmål med tilhøyrande delmål. Vi ønskjer å leggje til rette for

- gode kvardagsliv
- eit innovativt og berekraftig næringsliv

For å få eit effektivt møte 29. september, er det viktig at partigruppene har lest

gjennom og vurdert alle forslaga til administrasjonen på førehand.

I møtet skal vi gå gjennom dokumentet frå A til Å. Alle forslag til endringar må bli formulert som mål og delmål.

Kva skjer vidare?

Samfunnsdelen blir deretter sak i formannskapet sitt møte 14. oktober 2021.

Forslag til mål	Skildring	Innspel til endringar	Endeleg mål
Hovudmål 1: Innbyggjarane i Alver lever gode kvardagsliv			
<u>Delmål 1:</u> Alver har levande lokalsamfunn med busetting i heile kommunen	Alver kommune er ein stor kommune i areal med spreidd busetting, mange bygder og desentralisert tenestestruktur. Aktive og inkluderande lokalsamfunn gjer at folk etablerer seg og blir buande. Det skal vere gode lokalsamfunn i heile kommunen.		
<u>Delmål 2:</u> Knarvik er eit senter med attraktive tilbod, arenaer og møteplassar for heile regionen	Knarvik er regionsenter for ein region med over 40.000 innbyggjarar, i tillegg til å vere kommunesenter for Alver. Knarvik må utviklast til ein attraktive bygdeby med tilbod og tenester som naturleg høyrer heime i eit regionsenter. Eit attraktivt regionsenter kan tiltrekke seg nye innbyggjarar, og demme opp for handelslekkasje og pendling til arbeidsplassar i Bergen. Knarvik skal utviklast til eit urbant sentrum, der det er viktig å ta vare på natur- og friluftsområde i og rundt byen. Det må utviklast gode koplingar mellom sentrum, sjøen, og turterrenget i områda rundt. Desse kvalitetane er mykje nytta og høgt verdsett av innbyggjarar og tilreisande.		
<u>Delmål 3:</u> Nye bustadar, handel, service og kontorarbeidsplassar er i hovudsak lokalisert i definerte senter	Alver kommune skal ha ein definert senterstruktur med region-, lokal- og nærsenter. Dette er senter som spelar ei viktig rolle i kvardagen til innbyggjarane, både for dei som bur i sentrumsområda og for dei som bur utanfor. I sentera skal innbyggjarane få dekke sine daglege behov og finne handel-, service- og tenestetilbod		

	<p>samla på ein stad. I tillegg skal sentrumsområda vere attraktive for bustad, jobb, oppleving, skule og rekreasjon. Nærleiken til desse kvalitetane gjer at sentera blir ettertrakta for innbyggjarar i alle livsfasar</p>		
<p><u>Delmål 4:</u> Nærmiljøa i Alver fremmar deltaking, tryggleik og god helse</p>	<p>Nærmiljø og lokalsamfunn i Alver skal utviklast slik at dei inviterer til fysisk aktivitet, deltaking og sosial inkludering. Innbyggjarar skal føle seg trygge og inkluderte med tilrettelagt infrastruktur og gode møteplassar. Eit nærmiljø kan definerast på mange ulike måtar og består av ulike arenaer og funksjonar, til dømes eit bustadfelt, ein leikeplass, skule, barnehage, kulturtilbod, trygge gang- og sykkelveger, fritidsaktivitetar, eit sentrumsområde, nærbutikken eller turstiar.</p>		
<p><u>Delmål 5:</u> Innbyggjarane i Alver bur i trygge og gode bustader</p>	<p>Innbyggjarane i Alver bur i bustadar som har god kvalitet og er tilpassa egne behov, ønske eller funksjonsnivå. Kommunen må vurdere bustadsosiale grep for dei som ikkje har moglegheit til å bu trygt og godt.</p>		
<p><u>Delmål 6:</u> Born og unge i Alver har ein trygg oppvekst</p>	<p>Barn og unge i Alver skal ha eit oppvekstmiljø som sikrar ein trygg og god oppvekst. Kommunen og samfunnet skal jobbe målretta og med førebygging gjennom ulike tenester og på ulike arenaer, til dømes i barnehagar, skular, arealplanlegging og kultur- og idrettsorganisasjonar.</p>		

<p><u>Delmål 7:</u> Innbyggjarane i Alver har ein meningsfylt og aktiv kvardag</p>	<p>Innbyggjarane i Alver skal ha moglegheit til å fylle livet med aktivitetar som gir mening og skapar trivsel. Det er opp til kvar enkelt å definere kva som gir mening, men Alver har organiserte tilbod og uorganiserte arenaer som gjer at terskelen for å delta er låg. Deltaking i organiserte aktivitetar kan motverke utanforskap og bidra til fellesskap på tvers av bakgrunn og ulike skilnader. Innbyggjarane i Alver kan til dømes vere aktive i frivillige lag og organisasjonar, i tillegg til å glede seg over aktivitetar som turstiar, leikeplassar, badeplassar eller bibliotek.</p>		
<p><u>Delmål 8:</u> Innbyggjarane i Alver skapar, opplever og deltek aktivt i lokale kultur- og idrettstilbod</p>	<p>Eit attraktivt, mangfaldig og inkluderande kulturliv skal vere ei drivkraft i utviklinga av kommunen og lokalsamfunna. I Alver skal innbyggjarane ha høve til å skape, oppleve og delta i gode lokale kultur- og idrettstilbod, der særleg barn og unge vert godt rusta til framtidens samfunnsniv.</p>		
<p><u>Delmål 9:</u> Frivillig sektor i Alver er mangfaldig og sterk</p>	<p>Innbyggjarane i Alver er aktive i frivillige lag og organisasjonar, og dei frivillige er med på å skape aktive og gode nærmiljø. Frivilligheita skal blomstre på eigne premissar og skal bidra til fellesskap i heile kommunen. Dei frivillige og kommunen må ha eit tett samarbeid for å skape engasjement, utvikle gode lokalsamfunn, aktuelle tenester og tilbod til innbyggjarane.</p>		

<p><u>Delmål 10</u>: Alver er rusta til å møte eit klima i endring</p>	<p>Klimaet blir varmare og våtare over tid, og risikoen for ekstreme klimahendingar aukar. Alver skal planlegge, utvikle og drifte kommunen for å møte eit klima i endring. Kommunen skal ha beredskap for eit klima i endring og ta omsyn til dette i all planlegging, utbygging og drift.</p>		
<p><u>Delmål 11</u>: Alver er eit klimavenleg samfunn</p>	<p>Alver kommune må ha klare ambisjonar for å bygge eit klimavenleg samfunn. Samfunnet og kommunen må satse på gjenbruk, sirkulærøkonomi, energieffektivisering, miljøvern og reduksjon av klimagassutslepp. Kommunen sjølv må gå framfor som eit godt eksempel på desse områda.</p>		
<p><u>Delmål 12</u>: Innbyggjarar i Alver nyttar klima- og miljøvenlege transportløyisingar til skule, jobb og fritid</p>	<p>For å nå overordna klimamål må Alver utvikle kommunen slik at innbyggjarane i større grad kan gå, sykle og bruke kollektiv som transportmiddel til skule, jobb og fritid. Sidan Alver er ein stor kommune i areal, vil dette vere mest aktuelt i definerte senter. I tillegg er det viktig å satse på effektive og miljøvenlege transportløyisingar mellom kommunen og Bergen sentrum. For mange innbyggjarar vil personbil vere einaste alternativ til transport, og då er det viktig at kommunen byggjer ut infrastruktur for nullutsleppstransport i heile kommunen.</p>		
<p><u>Delmål 13</u>: Alver sikrar naturverdiar og</p>	<p>Alver kommune tek grep for å sikre viktige naturverdiar og naturmangfald, og skal forvalte</p>		

naturmangfald, og tek vare på verdifulle kulturlandskap og friluftsområde	verdifulle landbruksareal, kulturlandskap og friluftsområde mot fysiske inngrep og utbygging.		
<u>Delmål 14:</u> Innbyggjarane i Alver nyttar sjøen, kysten og sjønære område til fritid og rekreasjon	Alver er ein kommune med lang kystline og store sjøområde. Sjøen og kysten har ein stor verdi for innbyggjarar og besøkande, og er viktige område for fritid og rekreasjon. Det er eit politisk ønske å sikre betre tilgang til sjøen og sjønære område for fritidsaktivitetar og rekreasjon, til dømes med tilrettelegging av areal og infrastruktur som kaiar, båthamner, badeplassar og friluftareal. Det er også ønske om å utfordre nasjonal strandsonopolitikk for å kunne leggje betre til rette for fritidsbustader, båtplassar og naust i sjønære område		
<u>Delmål 15:</u> Innbyggjarane er involvert i utviklinga av kommunen og dei kommunale tenestene	Alver skal vere ein føregangskommune når det gjeld dialog og medverknad med innbyggjarar. Innbyggjarane skal kunne påverke utviklinga av samfunnet og utforminga av kommunen sine tenester.		
<u>Delmål 16:</u> Innbyggjarane i Alver opplever at dei får tenester tilpassa sine behov	Kommunen skal gje tenester tilpassa innbyggjarane sine individuelle behov. Tenestene må vere koordinerte og saumlause, og ulike aktørar skal samarbeide for å gje riktige tenester ut frå konkrete behov. Det er viktig at kommunen driv målretta kompetanseutvikling, som sikrar rett kompetanse i forhold til innbyggjarane sine behov.		

<p><u>Delmål 17:</u> Alver kommune nyttar ny teknologi, digitalisering og innovative løysingar i utvikling av tenester og organisasjon</p>	<p>For å sikre effektive prosessar og tenester, skal Alver kommune bruke digitalisering, robotisering, automatisering og teknologiutvikling innafor dei område der det er tenleg.</p>		
<p><u>Delmål 18:</u> Alver kommune er ein attraktiv, trygg og utviklingsorientert arbeidsplass</p>	<p>Alver kommune skal vere ein utviklingsorientert organisasjon. Medarbeidarar og leiarar tar ansvar for å utvikle kommunen, både tenester og organisasjon. Alver skal vere kjend for å ha eit godt fysisk og psykososialt arbeidsmiljø. Alver skal jobbe aktivt med å rekruttere kvalifisert arbeidskraft, og dei tilsette får brukt sin kompetanse og utvikla seg fagleg. I tillegg skal Alver jobbe systematisk med kompetanseutvikling for å kunne løyse nye behov og oppgåver. Kommunen skal også jobbe for at fleire tilsette kan ha heile stillingar.</p>		
<p>Hovudmål 2: Næringslivet i Alver er innovativt og berekraftig</p>			
<p><u>Delmål 19:</u> Næringslivet i Alver tar aktivt del i ny industriutvikling med fokus på sirkulærøkonomi, fornybar energi og digitalisering</p>	<p>Scenarioanalysen for Nordhordland presenterer sentrale drivarar som er venta å påverke utviklinga av ny og framtidretta industri i regionen. Desse drivarane er mellom anna sirkulærøkonomi, dekarbonisering, energitransformasjon, digitalisering og robotisering. Verksemdene i Alver har sterk industriell kompetanse og kan ta ei aktiv rolle innafor for fleire av desse områda.</p>		

<p><u>Delmål 20</u>: Verksemdene på Mongstad og ved Fensfjorden er pådriver for grøn industriell næringsutvikling</p>	<p>Scenarioanalyse Nordhordland har identifisert framtidige industriinvesteringar i regionen på over 24 milliardar kroner (inkludert batterifabrikk), med potensielt 4300 nye arbeidsplassar. Tyngdepunktet for desse investeringane ligg på Mongstad og ved industriområda rundt Fensfjorden. Mongstad og Fensfjorden har ein unik industriell kompetanse som er eit stort fortrinn for regionen, og dette området bør nyttast til å utvikle nye og grønne næringar. Det er anbefalt at kommunane rundt Fensfjorden utarbeider ein industriell utviklingsstrategi for Fensfjorden.</p>		
<p><u>Delmål 21</u>: Arealintensiv næring ligg langs hovudvegnettet</p>	<p>Større næringsområde for arealintensiv industri og næring bør utviklast langs europaveg og sentrale fylkesvegar. For vidare utviding og utvikling av næringsareal, bør kommunen ha fokus på fortetting og utvikling av eksisterande næringsområde der det er tilrettelagt infrastruktur.</p>		
<p><u>Delmål 22</u>: Næringslivet i Alver utnyttar potensialet for verdiskaping i sjø og kystnære område</p>	<p>Alver er ein kommune med lang kystline og store sjøområde. Dette er område som har eit potensiale for framtidig verdiskaping og næringsutvikling. Alver ønskjer å leggje aktivt til rette for ny og berekraftig næringsetablering knytt til sjø, kyst og kystnære område. Aktuelle næringar er mellom anna petroleumsindustri, skipsfart, havbruk, fiskeri, fornybar energi, reiseliv, hamn og logistikk.</p>		

<p><u>Delmål 23</u>: Næringslivet i Alver har tilgang til byggeklart næringsareal</p>	<p>For å sikre ny industriutvikling er det viktig å ha infrastruktur der verksemdene kan etablere seg raskt, såkalla «<i>plug and play</i>». Då er det viktig å byggeklare tomter og tilrettelagt infrastruktur.</p>		
<p><u>Delmål 24</u>: Landbruksnæringa i Alver er konkurransedyktig og utviklingsorientert</p>	<p>Alver er ein stor landbruk- og skogbrukskommune. Det er eit stort potensiale for å utvikle landbruket som næring med til dømes fokus på lokale produkt og lokal identitet.</p>		
<p><u>Delmål 25</u>: Kommune, næringsliv, utdannings- og forskingsmiljø samarbeider om kompetanseutvikling og innovasjon</p>	<p>Kommunen etablerer ikkje næring, men er ein viktig tilretteleggjar, pådrivar og støttespelar. Kommunen må ha eit strategisk samarbeid med ulike aktørar som saman bidrar til målretta nærings- og samfunnsutvikling. Det bør også vere ei klar rollefordeling mellom aktørane, slik scenarioanalyse Nordhordland tilrår.</p>		
<p><u>Delmål 26</u>: Innbyggjarane i Alver nyttar attraktive kultur- og opplevingstilbod som er utvikla i samarbeid mellom næringsliv, dei frivillige og offentleg sektor</p>	<p>Det må vere eit tett samarbeid mellom offentleg, privat og frivillig sektor for å utvikle Alver og Nordhordland som ein attraktiv region med ein sterk identitet. Aktørane bør samarbeide om prosjekt som kan gi regionen større attraktivitet, og aktuelle prosjekt kan til dømes vere kulturhus, basseng, sherpatrapp-prosjekt, friområde og dagstur/kystled.</p>		

Vedlegg 2: Senterstruktur og prinsipp for arealbruk

Underlag til politisk styringsgruppemøte 29. september 2021

Om notatet


Denne teksten er eit framlegg til endringar av tekst i Samfunnsdelen, kap. 6 Prinsipp for arealbruk. Hovuddelen er endring av tekst i kap. 6.3 Prinsipp for senterutvikling. I tillegg vil teksten ligge til grunn for justeringar og endringar i tekst i andre delar av samfunnsdelen.

Senterstruktur i Alver

Eit senter er definert som eit geografisk område med ulike funksjonar, offentlege og private tenester, handel og bustad. Eit senter er eit knutepunkt til eit omland. Kor sentera skal vere blir bestemt i regional og/eller kommunal plan. Fastsetting av ein senterstruktur er kommunen sin prioritering av kva stader vi skal satse på i utviklinga av kommunen. Sentera blir plassert i eit hierarki (ulike senternivå) på bakgrunn av mellom anna innbyggjartal og kva tenester og tilbod dei skal tilby. Lokaliseringa av nye tenester og funksjonar skal bygge opp om definerte senter, dimensjonert etter senternivå. Tilboda vil variere mellom dei ulike sentera. Senter, på same senternivå, må ikkje ha identiske tenester og funksjonar.

Intensjonsavtalen til Alver kommune vedtok ein senterstruktur med Knarvik som region- og kommunesenter, og Manger, Frekhaug, Lindås, Ostereidet, Vikebø og Bøvågen som lokal- og nærsenter. Våren 2021 vart arbeidet med moglegheitsstudien for lokal- og nærsentra i Alver avslutta. Studien gav ei fagleg tilråding om at Alver kommune bør ha ein tredeling på senterstrukturen for dei sju sentera som er definert i intensjonsavtalen til Alver kommune:

- Kommune- og regionsenter: Knarvik
- Lokalsenter: Manger, Frekhaug, Lindås og Ostereidet
- Nærsenter: Vikebø og Bøvågen



Figur 1 Senterstruktur i Alver

Definisjon av sentera i senterhierarkiet

Eit senter bør innehalde dei viktigaste funksjonane som innbyggjarane treng i kvardagen. Det vil vere ulike tilbod på dei ulike nivåa i senterstrukturen.

Eit regionsenter er ein tettstad som inneheld senterfunksjonar som handel og tenester for eit definert omland. Eit regionsenter skal tilby innhald og funksjonar som ein ikkje kan vente å finne i alle kommunar. Vi reknar ein times køyretid som ein rimeleg avstand frå bustad til regionsenter. Knarvik er regionsenter for Alver og kommunane Modalen, Masfjorden, Austrheim og Fedje.

Kommunesenter er administrasjonssenteret i ein kommune. I Alver er Knarvik kommune- og regionsenter.

Lokalsenter har ulike funksjonar, handel og tenester, idrett- og kulturtilbod som er dimensjonert for eit større lokalområde i kommunen. Eit lokalsenter kan innehalde meir enn 3.000 m² bruksareal for detaljhandel og har fleire funksjonar enn eit nærsenter.

Nærsenter er eit mindre senter med opptil 3.000 m² samla bruksareal for detaljhandel. Eit nærsenter vil typisk innehalde daglegvarebutikk, private og offentlege helse- og velvære tenester, idrett- og kulturtilbod som dimensjonert for nærmiljøet.

Tabell 1 Innhald i dei 3 senternivåa

Senternivå	Innhald	Kan til dømes vera	Alver kommune
Region- og kommunesenter	Funksjonar, handel og tenester for heile kommunen og kommunane rundt. Hovudtyngda av kommunal forvaltning og besøksintensive tenestetilbod	<i>Kulturhus, symjeanlegg, regionalt helsehus, vidaregåande skule, rådhus (i tillegg til funksjonar ein finn i lokalsenter)</i>	Knarvik
Lokalsenter	Funksjonar, handel og tenester for eit større omland. Desentralisterte kommunale tenester	<i>Ungdomsskule, breiare tilbod innan idrett og kultur, apotek, kafe, lege, tannlege, frisør, sjukeheim, tenestetilbod innan helse (i tillegg til funksjonar ein finn i nærsenter)</i>	Frekhaug, Manger, Lindås, Ostereidet
Nærsenter Det nære og daglege	Funksjonar og tilbod til nærområdet. Handel inntil 3 000 m ²	<i>Barnehage, barneskule, daglegvare, møteplassar, lokalt tilbod innan kultur, idrett og friluftsliv (knytt til skule og ildsjeler)</i>	Bøvågen, Vikebø + Vurdera fleire nærsenter i kommuneplanen sin arealdel

Daglegvarehandel inntil 3000 m² kan bli lokalisert utanfor sentera i område med høg bustadkonsentrasjon og i tilknytning til bygdene. Handel, der vareutvalet i hovudsak er store varer, som biler, båtar, landbruksmaskiner, trelast, byggevarer og hagesenter, er ikke rekna med i dei tillatte handelsareala i sentera.

Fastsetting av nye nærsenter

Figur 1, Senterstruktur i Alver, viser at delar av kommunen som har lange avstandar til eit senter. For å få ei betre geografisk fordeling, er det behov for å fastsette fleire nærsenter, i tillegg til Bøvågen og Vikebø. Den endelege fastsettinga av nye nærsenter skal gjerast i arbeidet med kommuneplanen sin arealdel.

Kriterier for val av nye nærsenter:

1. Det må vere ein fysisk avgrensa stad, ei bygd med lokal historie, kultur og identitet. Mange funksjonar, spreidd over eit stort område, er ikkje eit senter.
2. Eit nærsenter bør innehalde viktige funksjonar innbyggjarane treng i kvardagen, td. barnehage, barneskule, daglegvare, møteplassar, samt tilbod innan kultur, idrett og friluftsliv.
3. Det må vere høgt nok folketal for å støtte opp om funksjonane.
4. Senterstrukturen bør sikre at flest mogleg av innbyggjarane får eit tilbod i nærleiken av der dei bur.
5. Nærsentera må ikkje ligge for nær kvarandre geografisk for å redusere konkurranse
6. Talet på nye nærsenter må avgrensast; for mange senter vil gje færre tilbod på kvar stad og konkurranse om lokalisering av tenester og tilbod.

Metode for fastsetting av nye nærsenter:

1. Administrasjonen lager ei utgreiing med framlegg til nye nærsenter i Alver kommune. Utgreiinga tar utgangspunkt i kriterier for val av nye nærsenter og vert vedlegg til planprogrammet for kommuneplanens arealdel.
2. Høyringsperioden for planprogrammet til kommuneplanens arealdel vert brukt til dialog og medverknad. Gjennom høyringsperioden får vi inn innspel knytt til framlegg av nye nærsenter.

3. Ny senterstruktur, inkludert nye nærsenter, vert vedteke i samband med vedtak av planprogrammet til kommuneplanens arealdel.

Kvalitetar i sentera

Utvikling av levande og attraktive senter med varierte butilbod, trygge gang- og sykkelveggar, møteplassar og attraktive lokale tilbod (innan handel, tenester og fritid) er både ein styrke for dei som bur i sentera, og for innbyggjarane som bur utanfor og nyttar sentera til ulike tenester og tilbod. Satsinga på sentera i Alver er viktig for heile kommunen.

For å nå måla for vidare utvikling tar vi utgangspunkt i følgjande prinsipp:

- Vi skal samle sentrumsfunksjonane, slik at dei er tilgjengeleg for fleire.
- Lokalisering av nye bygg og funksjoner skal bygge opp under eksisterande kvalitetar.
- Vi skal legge til rette for fleirfunksjonelle områder – «liv i sentrum» og sambruk.
- Vi skal planlegge for varierte bustadtypar i alle sentera, gjerne nær til og i sentrum.
- Sentera skal ha samanhengande grøntstruktur; nærtur, tursti, torg og møteplassar.
- Sentera skal ha samanhengande gang- og sykkeltilbod (trygg ferdsel).
- Vi skal stille krav til estetikk/arkitektur.
- Vi skal primært ha offentleg vass- og avløpsanlegg.

Kompakt senterutvikling (Fortetting i eit Alver-perspektiv)

For å sikre at sentera blir gode møteplassar må funksjonane vere mest mogleg samla. Med ein meir kompakt utforming av sentera styrker vi næringsgrunnlaget for handel. Vi opnar opp for sambruk av funksjonar og parkering, fleire kan gå eller sykle, og det kan gje grunnlag for nye funksjonar og tilbod vi elles ikkje ville fått.

Prinsipp for avgrensing av sentera og sentrumsfunksjonane:

- Vi skal definere kva som skal vere lokal vekstsone for kvart senter for å hindre utflyting og sikre at nye utbyggingsområder kjem innanfor vekstssona:
 - 1 til 2 km frå haldeplass i sentrum.
- Vi skal definere kva som skal vere sentrumsutstrekning for kvart senter for å samle fellesfunksjonene i kompakte og fleirfunksjonelle senterområde. Sentrumsutstrekinga skal vere tilpassa eksisterande funksjonar og reguleringsplaner.
 - ca 200 m radius, rundt eksisterande sentrum, i lokal- og nærsentera.
 - ca 600 m radius, rundt eksisterande sentrum, i regionsenteret.
- Vi skal berre ha ny handel innanfor sentrumsutstrekninga.
- Funksjonar som er mykje besøkt av publikum skal ligge innanfor sentrumsutstrekninga, med unntak av arealkrevjande aktivitet, til dømes store idrettsanlegg.
- Hovuddelen av ny bustadutvikling i delområdet bør skje innanfor lokal vekstsone.
- Dei viktigaste fellesfunksjonane bør liggje innanfor lokal vekstsone.
- Vi skal legge til rette for sambruk av parkeringsplassar for å redusere arealbruk (til parkering).
- Vi skal prioritere sambruk slik at vi får fleire funksjonar på ein plass.

Ny tekst i kap. 6.2 Prinsipp for bustadutvikling

Vi skal ha størst bustadvekst i dei definerte sentera våre. I tillegg ønskjer vi å ta vare på, og styrke bydene våre.

Følgjande prinsipp er viktige for å sikre kvalitet i bu- og nærmiljøa våre:


- Vi skal vidarutvikle, fortette og bygge på eksisterande bustadområde, framfor å etablere nye bustadområde på ubebygd areal.
- Vi skal stille følgjande kvalitetskrav til bustadområde:
 - o Prioritere barn og unge sitt oppvekstmiljø
 - o Nærtur, tursti, møteplassar og samanhengande grøntstruktur
 - o Samanhengande gang- og sykkeltilbod (trygg ferdsel).
 - o Offentleg vass- og avløpsanlegg eller godkjente private anlegg
 - o Universell utforming
- Levande lokalsamfunn:
 - o Vi skal bruke dei same *prinsippa* for utvikling av bygdene som for sentera. Vi skal planlegge for ny utvikling i tilknytning til eksisterande utbygde areal og funksjonar som td skule og barnehage.
 - o Bygder og bustadkonsentrasjonar kan etablere daglegvarehandel opptil 3 000m² (døme Bunnpris i Bøvågen er ca 800 m², Rema 1000 på Ostereidet er ca 1000 m²).
 - o Vi skal leggje til rette for ei bustadutvikling som støtter opp om bygdene. Utbygginga skal vera lokalt tilpassa med omsyn til høgde og utnyttingsgrad.
- Kvalitetskrav til spreidd busetnad:
 - o Ny utbygging skal ta vare på kvalitetane i området.
 - o Ny utbygging skal ikkje bygge ned verdifullt landbruksareal, areal med aktiv landbruksdrift og verdifulle kulturmiljø.

Tillegg til kap. 6.5 Oppfølgingsoppgåver i kommuneplanens arealdel

Bustadreserve - gjennomgang av eksisterande uregulert og regulert bustadareal. Vurdere om det er areal avsatt til bustad som skal bli tilbakeført til landbruk-, natur-, og friluftsføremål (LNF), basert på fastsatte kriterer. Føremålet med gjennomgangen er å redusere bustadreserven ved å ta ut areal som av ulike grunner ikkje er realistisk/ønskeleg at vert bygd ut.

Høyringsutkast

Kommuneplanen sin samfunnsdel 2021- 2033



ALVER
KOMMUNE

Ordføraren om framtida

Kjære alverbu,

Gratulera med Alver kommune sin aller første kommuneplan, og takk til deg som lesar desse orda! Eg håpar du blar om og blir med til siste side i planen. Og etter at du har lese, ønskjer eg å utfordre deg til å tenke gjennom: Korleis kan du bidra til å nå måla i planen?

Kommuneplanen er ikkje berre dei tilsette eller politikarane sin plan. Vi som jobbar og er politikarar i kommunen skal sjølvstekt bruke han aktivt, men vi håpar at også du som bur og driv næring her vil lese og bruke planen. Kommuneplanen stakar ut retninga for framtida til kommunen, og er vår felles plan!

Sidan framtida til Alver er framtida vår, har det vore viktig å lytte til folk i alle aldrar og alle delar av kommunen vår i arbeidet med planen. Innspela vi har fått visar at vi allereie har mykje å vere stolte av!

Vi har levande lokalsamfunn og engasjerte innbyggjarar som bryr seg - om kvarandre og kommunen sin. Vi har dyktige bedriftsleiarar som satsar og tenkjer nytt. Vi har ein spennande og variert natur.

Alver skal vere ein god stad å bu, leve og arbeide – også i framtida. I planen har vi to hovudmål. Vi ønskjer å leggje til rette for

- gode kvardagsliv
- eit innovativt og berekraftig næringsliv

Eg er spent på og optimistisk for framtida til Alver og gler meg til å vidareutvikle kommunen – ilag med deg.

Sara Hamre Sekkingstad
Ordførar

Innhold

Ordføreren om framtida	1
Alver mot 2040	4
Kva er ein samfunnsdel?	4
Rolla og handlingsrommet til kommunen i samfunnsutviklinga	6
Alver i regionen	7
Korleis les og brukar du samfunnsdelen?	8
Folk om Alver.....	9
Medverknad	9
Frå inspel til mål	10
Gode kvardagsliv	10
Innleiing.....	10
Kor står vi i dag?	10
Kor er vi i 2040?.....	15
Innovativt og berekraftig næringsliv.....	18
Innleiing	18
Kor står vi i dag?	18
Kor er vi i 2040?.....	20
Prinsipp for arealbruk	22
Innleiing.....	22
Prinsipp for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging.....	22
Prinsipp for senterutvikling	23
Prinsipp for klimavenlege transportløyningar	26
Oppfølgingsoppgåver i kommuneplanens arealdel	27

Alver mot 2040

Kva er ein samfunnsdel?

Ein kommuneplan består av ein samfunnsdel og ein arealdel. Medan samfunnsdelen seier kva hovudutfordringar kommunen har og kva vi ønskjer å satse på, visar arealdelen korleis vi skal bruke kommunen – kva aktivitet vi skal leggje til rette for kor.

Planen ser langt fram og visar korleis politikarar og tilsette kan løyse kommunen sine utfordringar ilag med innbyggjarar, næringsliv, nabokommunar og andre regionale og statlege aktørar. Planen teiknar det store biletet, og blir følgt opp av detaljar i kommunedelplanar og temaplanar.

Tre kommuner har blitt til ein – Alver kommune! Alver har mange identiteta og merkelappa som skildrar kven vi er. Kommunen er i utvikling. Det er mange forhold som verka inn på kva retning kommunen tar. Kommuneplanen sin samfunnsdel skildrar korleis vi vil utvikle kommunen vår og løyse oppgåvene best mogleg fram mot 2040.

Alver kommune skal løyse utfordringane gjennom det kommunen sjølv kan bestemme, og i samarbeid med innbyggjarane, næringslivet, nabokommunane, regionen og staten.

Samfunnsdelen legg føringar for arealdelen. Mål i samfunnsdelen påverkar korleis vi kan bruke areala våre. Døme på tema som arealdelen må følgje opp er prinsipp for senterstruktur, bustadutvikling og næringsutvikling. Arbeidet med arealdelen startar hausten 2021.

Føringar for planarbeidet

Kommuneplanen sin samfunnsdel byggjer på FN sine berekraftsmål. Berekraftsmåla ser miljømessig, økonomisk og sosial utvikling i ein samanheng. Dette gjer denne samfunnsdelen også. Vi må tenkje heilskapleg når vi skal løyse dagens og framtidens utfordringar. Denne måten å tenkje på ligg til grunn for hovedmåla og delmåla i samfunnsdelen.

Økologisk berekraft handlar om å utvikle samfunnet innanfor planetens tålegrenser og redusere tapet av biologisk mangfald. Vi må redusere klimaendringane, og samstundes tilpasse samfunnet etter konsekvensane av dei endringa som allereie er i gang.

Sosial berekraft handlar om å sikre at innbyggjarane har like moglegheiter til å delta i samfunnet. Det handlar også om å investere i gode oppvekst- og levekår, helse, utdanning, likestilling, inkludering og mangfald. Samhald i samfunnet, tillit, demokrati og opplevd tilhøyrslø er avgjerande for berekraftig utvikling.

Økonomisk berekraft handlar om ansvarleg forbruk og produksjon, økonomisk vekst med mindre miljøbelastning. Det handlar også om rettferdig og anstendig arbeid. Berekraftig utvikling forutset at det blir skapt verdiar i lokalsamfunnet som over tid opprettheld eit godt velferds- og tenestetilbod.

Berekraftsmåla heng tett saman, og dei to hovudtemaa i samfunnsdelen, gode kvardagsliv og eit innovativt og berekraftig næringsliv, kjem inn på alle berekraftsmåla på fleire nivå.

Eit modellområde for berekraftig utvikling

I 2019 fekk Nordhordland, som Alver kommune er ein del av, tittelen som "Noregs første biosfæreområde". Eit biosfæreområde er eit avgrensa geografisk modellområde der ein legg til rette for berekraftig utvikling. Målet er å oppnå ein meir berekraftig balanse mellom å ta vare på biologisk mangfald og naturressursar, fremje økonomisk utvikling og sikre ei god samfunnsutvikling gjennom samarbeid mellom lokalbefolkninga, det offentlege, næringslivet og forskingsinstitusjonar. Mange biosfæreområde er dyktige til å fremje lokal identitet og produkt, noko som bidrar til større merksemd kring staden sine ressursar, næringsutviklinga og at innbyggjarane vert meir stolte av området sitt .

Megatrender

Alver er påverka av langvarige og dyptgripande globale endringar. Dette er endringar som legg viktige premiss for kommunen sin utvikling og for utviklinga av kommunal verksemd. Det gir utfordringar og moglegheiter som kommunen må ta tak i.

Globalisering og urbanisering: Stadig fleire menneske bur i byar. For bergensområdet, som Alver er ein del av, kan dette føre til befolkningsauke.


Klimaendringar og tap av biologisk mangfald: Behov for utsleppskutt er stort. Eit varmere og våtare klima med mer ekstremver legg føringar for korleis vi skal bruke areala våre.

Auke i sosial ulikskap: Innsats mot sosial ulikskap må skje på ulike nivå.

Ny teknologi og digitalisering endrar arbeidslivet, tenesteproduksjon og kommunikasjon: Vi samarbeider på nye måtar.

Rammer for arbeidet og viktige bakgrunnsdokument:

- Intensjonsavtalen for ny kommune (vedtatt i 2016)
- Strategi- og styringsdokumentet for samfunnsutvikling i Alver (vedtatt i 2019)
- Scenarioanalyse Nordhordland
- Planprogrammet til samfunnsdelen
- Utfordringsnotatet som var grunnlag for Alver sin planstrategi
- Folkehelsedokumentet
- Kulturanalyse
- Rapportar og innspel frå medverknadsprosessen
- Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging
- Regional areal- og transportplan for bergensområdet
- Utviklingsplan for Vestland
- Klimaplan for Vestland



Rolla og handlingsrommet til kommunen i samfunnsutviklinga

Kommunen si rolle og handlingsrom for ønska samfunnsutvikling

Kommuneplanen sin samfunnsdel er ein plan for utvikling av heile samfunnet, der kommunen sjølv er ein av aktørane som skal bidra til ønska samfunnsutvikling. Kommunen som organisasjon er politisk styrt og har fleire ulike roller og handlingsrom i samfunnsutviklinga. Ein stor del av kommunen sine kjerneoppgåver er styrt gjennom lov og forskrift. Kommunen er til dømes planleggjar, forvaltningsorgan, mynde, tenesteytar, utbyggjar av bygg, anlegg og infrastruktur og økonomisk bidragsytar i ulike støtteordningar.

Kommunen tar vare på, utviklar, støttar og gir tenester til innbyggjarar med ulike behov i ulike livsfasar, i tillegg til å planlegge og utvikle fysiske areal, bygg, vegar og infrastruktur. Kommunen har ei vertskapsrolle og legg til rette for at andre aktørar kan utvikle seg, i tillegg til å legge til rette for at innbyggjarar kan bu, arbeide, drive næring og bevege seg rundt i kommunen. Kommunen kan også ta ei aktiv rolle som samfunnsutviklar, utover det å planleggje, leggje til rette og yte tenester. Kommunen kan til dømes vere ein pådrivar for å utvikle attraktive senter, tettstader og næringsområde, og kan bidra med investeringar og aktiv utvikling for å sikre ønska utvikling. Å ta ei slik rolle krev ofte eit økonomisk handlingsrom som går utover dei lovpålagte kjerneoppgåvene som kommunen skal løyse.

For å sikre ei heilskapleg samfunnsutvikling er kommunen avhengig av samspel og samarbeid med mange andre aktørar. Dette er aktørar som har andre roller, oppgåver og handlingsrom til å bygge samfunnet. Døme på sentrale aktørar er:

Aktørar	Døme	Rolle og oppgåver
Nasjonale og regionale mynde	Departement, direktorat, fylkeskommune, statsforvaltar, Statens vegvesen, NAV stat, NVE, skatteetat, politi, arbeidstilsyn etc.	Arealplanlegging, vidaregåande opplæring, samferdsel, infrastruktur, tannhelse, rassikring, kollektivtransport, støtte- og tilskotsordningar, landbruk, klima, miljø, forureining, ulike konsesjonar, tilsyn, kriminalitetsførebygging, innkreving av skatt, kulturvern, naturvern
Næringsliv og private verksemder	Alle private verksemder i kommunen	Etablering og drift av verksemder, lærlingeplassar, tilrettelegging, kompetanseutvikling, innovasjon, teknologiutvikling, eigedomsutvikling, marknadsføring, arbeidsmiljø, innkjøp og arbeidsforhold
Utdanningsinstitusjonar, vidaregåande skular og fagskular	Universitetet i Bergen, Høgskulen på Vestlandet, Knarvik VGS	Utdanning, vidareutdanning, kompetanseheving, tilpassa opplæring, samarbeid med næringsliv
Frivillige lag og organisasjonar	Kor, korps, idrettslag, idrettsråd, kulturettråd, skyttarlag, revylag mm	Aktivitet og tilbod i lokalsamfunn og nærmiljø
Næringsutviklarar, interesseorganisasjonar og verkemiddelapparat	Nordhordland næringslag, Industriutvikling Vest, Klar bedrift, Knarvik senterforening, Innovasjon Norge, SIVA, Invest in Bergen, etablerarsenter, Visit Bergen mm	Rammevilkår, nettverksbygging, forretningsutvikling, innovasjon, støtteordningar, kurs og kompetanse, marknadsføring, investering, produktutvikling, digitalisering og klyngesamarbeid

Alver i regionen

Kommunene Lindås, Meland og Radøy vart til Alver kommune 1.januar 2020. Alver kommune er den største kommunen i regionen Nordhordland, ein region med over 40.000 innbyggjarar. Alver og Nordhordland ligg tett på Bergen by og dannar ein felles bu- og arbeidsmarknad. Saman med Bergen kommune og nabokommunar høyrer Alver til ein større byregion. Det betyr at det er aktiv flytting, arbeidspendling og økonomisk samhandling mellom verksemdene i denne byregionen. Alver kommune har netto utpendling av arbeidstakarar, Bergen er ein attraktiv arbeidsmarknad for innbyggjarar i Alver.

Samarbeid om berekraftig og klimavenleg samfunnsutvikling i byregionen

For å sikre ei berekraftig og klimavenleg samfunnsutvikling i byregionen, samarbeider Alver med Bergen og nabokommunar til Bergen . I 2020 blei det inngått ein byvekstavgift mellom Alver, Bergen, Askøy, Øygarden, Bjørnafjorden, Vestland fylkeskommune og staten, der hovudmålet er nullvekst i personbiltrafikken i byregionen (nullvekstmålet). Målet er at veksten i persontrafikken skal takast ved gange, sykkel og kollektiv. Staten bidrar med finansiering av tiltak som skal bidra til å nå nullvekstmålet. Her vil samordning av areal-, transport- og bustadplanlegging spele ei sentral rolle i åra framover. Avtaleperioden for byvekstavgiften er 2019 – 2029 og Alver er sikra over kr 300 mill til tiltak som skal

bidra til å nå målet med avtalen. Det vil bli gjennomført ei reforhandling av byvekstavtalen i perioden før 2024. Byvekstavtalen har fleire satsingsområde som er grunnlag for prioritering av tiltak og prosjekt. Det er særleg viktig å utvikle gang- og sykkelveggar som kan vere eit alternativ til lokal biltransport. I tillegg blir det satsa på å bygge ut kollektivtilbodet slik at det blir eit reelt alternativ til bilkøyring, særleg frå kollektivknutepunkt i Alver og inn mot Bergen sentrum.

Korleis les og brukar du samfunnsdelen?

Kommuneplanen er viktig for politikarar og tilsette i Alver kommune, men det er viktig for oss at innbyggjarar og næringsliv forstår og brukar planen aktivt. Du kan sjølvstilt lese planen frå A til Å, men det kan vere enklare å bruke planen som eit oppslagsverk. Kva er du mest opptatt av? Gå til måla våre i kapittel 4 og 5. Her kan du sjå kva kommunen har bestemt seg for å satse på.

Samfunnsdelen har to hovudtema:

1. Gode kvardagsliv
2. Innovativt og berekraftig næringsliv

Til kvart hovudmål har vi laga delmål. I sum skal måla og delmåla bidra til at vi løyser det som er kommunen sine hovudutfordringar. Måla seier kva retning vi skal utvikle Alver-samfunnet, og kva vi ønskjer å oppnå med måla våre.

I kapittel 2 kan du lese om premissane for samfunnsdelen og langsiktig samfunnsplanlegging, og i kapittel 3 kan du lese om innspel vi har fått til arbeidet med planen og diskusjonar vi har hatt med politikarane. I kapittel 6 viser vi korleis vi skal leggje til rette for den fysiske planlegginga av Alver-samfunnet, og kva som skal bli følgt opp i arbeidet med kommuneplanen sin arealdel.

Folk om Alver

Medverknad

Kva meiner folk om framtida til Alver?

Kommuneplanen sin samfunnsdel handlar om kva type samfunn vi vil ha, og kva grep vi må ta for å kome dit. Spørsmåla vi har stilt frå vi starta arbeidet med Alver sin første samfunnsdel har vore:

- Kven er vi?
- Kor skal vi?
- Korleis kjem vi oss dit?

Frå september 2020 til mars 2021 har vi hatt samtalar med innbyggjarar, næringsliv, råd, politikarar, barn og unge og tilsette i kommunen.

Vi har invitert ulike aktørar til å kome med innspel på ulike måtar. Koronapandemien har ført til fleire digitale løysingar og samtalar enn tidlegare. Dei fleste møta med lag og organisasjonar, politikarar og ulike råd har skjedd på Teams, men vi har også gjennomført ein fysisk turne med inviterte deltakarar til møte i alle dei sju nærsentera.



Smula design laga bilete som har fulgt heile kommuneplanprosessen. Biletet fungerte også som ei digital løysing for å kome med innspel. Dette vart vi begeistra for!

Hovudkanalane for innbyggjarar som har ønskt å gi innspel til framtida til Alver har vore:

- Ei digital spørjeundersøking
- Ei digital, kartbasert løysing – «Samfunnsdialog»
- Det har også vore mogleg å sende e-post og ta direkte kontakt med prosjektgruppa

Før vi startar medverknadsprosessen fekk vi designbyrået Smula Design til å lage eit bilete for oss, som skulle profilere og følgje heile kommuneplanprosessen. Smula Design laga i tillegg ei digital innspelsløysing, der barn og unge kunne lage sine eigne Alver-bilete med figurane frå hovudbiletet.

Medverknadsfasen har handla om å bli kjent med den nye kommunen, kva kvalitetar vi har, kva vi vil ta vare på, kva utfordringar vi har og kva retning vi vil utvikle samfunnet vårt i. Mange har bidratt, og vi har fått inn fleire tusen enkelt innspel. Folk har mellom anna sagt kva som er bra med å bu, drive næring, arbeide eller vere frivillig i Alver, og peika på kva som kan bli betre.

Vi har oppsummert medverknadsprosessen i sju rapportar:

1. Melding frå folket
2. Nærsenterstudie
3. Samtalar med råda
4. Tenketank med næringslivet
5. Mitt Alver
6. Digital samfunnsdialog
7. Melding frå administrasjonen

Frå inspel til mål

Korleis har vi brukt innspela?

Vi har lese alle innspela, og samla dei i rapportar, som politikarane fekk då dei skulle jobbe vidare med samfunnsdelen. På denne måten fekk politikarane i Alver vite kva som er viktig for innbyggjarane og tilsette før dei kom med sine innspel til utviklinga av kommunen vår.

Våren 2021 hadde vi verkstadar med politikarane kor dei fekk diskutere og leggje fram kva dei meiner er kommunen sine største fortrinn og utfordringar. Politikarane fekk mellom anna i oppgåve å prioritere dei fem viktigaste områda dei ønskte endringar innanfor, og diskuterte kva som var kommunen sitt handlingsrom til å gjennomføre endringane. Innspela frå dei politiske verkstadane oppsummerte vi i ein hovudanalyse som har vore grunnlaget for administrasjonen sitt forslag til mål og delmål i høyringsutkastet.

Gode kvardagsliv

Innleiing

I avsnittet *“Kor står vi i dag?”* kan du lese om trekk i samfunnsutviklinga som påverkar liva til innbyggjarane i Alver. Dette faktagrunnlaget, saman med innspel frå innbyggjarar og tilsette i kommunen, ligg til grunn for mål om gode kvardagsliv. Delmåla er lista opp og forklart i avsnittet *“Kor er vi i 2040?”*.

Kor står vi i dag?

Ung, men aldrande befolkning


Alver har hatt sterk vekst i folketalet størsteparten av perioden etter tusenårsskiftet. Etter EU-utvidinga i 2007 auka arbeidsinnvandringa til Norge sterkt. Dette kom Alver til gode. I tillegg trakk Alver til seg mange tilflyttarar frå andre kommunar i same periode. Innvandrarane og tilflyttarane førte i neste omgang til mange fødsjar. Derfor er befolkninga i Alver ung samanlikna med dei fleste norske kommunar.

Dei siste åra har folketalsveksten vore lågare. Både innvandringa og tilflyttinga har falle betydeleg, og det har blitt født færre barn. Samstundes har det vore vekst i dei øvre aldersgruppene, ettersom dei store etterkrigskulla har blitt eldre.

I åra som kjem vil aldringa halde fram. Aldersgruppa mellom 75 og 85 år, som i dag tel om lag 1400 personar, er nær ved å bli dobla i 2030. I same periode blir det om lag 200 fleire innbyggjarar over 85 år. Det vil skjerpe ressursbehovet innan helse- og omsorgstenestene i kommunen.

Spreidd busetjing og store avstandar

Den spreidde busetjinga er eit kjenneteikn for Alver. Få kommunar av Alver sin storleik har større del av innbyggjarane buande utanfor etablerte sentrum- og tettstadsområde.




Busetjingsmønsteret har samanheng med næringsamansetjinga i kommunen, og korleis den har utvikla seg over tid. I Alver jobbar relativt mange innan landbruk, fiskeri og industri, som er plassert utanfor dei mest tettbygde områda. Det har gjort det mogleg å bu perifert i kommunen utan å ha for lang reiseveg til jobb.

Dei siste tiåra har likevel stadig fleire fått arbeid i tenesteyting og busetjinga har dreia mot sentrale strom, der desse arbeidsplassane ofte er plassert. Dette er ein global tendens, som også påverkar Alver. Busetjingsmønsteret i Alver er òg sterkt påverka av at kommunen er del av pendleområdet til Bergen. Sidan Nordhordlandsbrua opna i 1994 har den sørlege delen av kommunen hatt sterk tilflytting utanfrå, og pendlinga til Bergen har auka.

Trass i at mange har flytta frå dei perifere delane av Alver dei siste åra, har innvandring og fødselsoverskot sørja for at folketalet i desse områda har halde seg stabilt. Omlag halvparten av innbyggjarane i Alver bur framleis i spreiddbygde område, og landbruksnæringa er aktiv. Mange av dei som har gitt innspel til denne planen, har lagt vekt på verdien spreidd busetjing, landbruk og kulturlandskap har for innbyggjarane sin identitet og tilhøyrse til Alver.

Samstundes inneber spreidd busetjing at mange innbyggjarar bur langt i frå teneste- og aktivitetstilbod. Dèt kan virke hemmande på evna til å delta i samfunnet, særleg for dei delane av befolkninga som ikkje køyrer bil sjølv. Kulturundersøkinga for Alver kommune (2019) viste at delen innbyggjarar som er aktive i lag- og organisasjonslivet jamt over er høgare i sentrale delar av kommunen. Busetjingsmønster gjer det òg krevjande for kommunen å tilby gode velferdstenester kostnadseffektivt, samt å rekruttere kvalifisert arbeidskraft til små driftseiningar perifert i kommunen



Bilbasert transport

Stort areal og spreidd busetjing gjer at innbyggjarane i Alver har eit stort behov for transport. I store delar av kommunen er kollektivdekninga for svak til at innbyggjarar kan velje kollektivt i kvardagen. Lange avstandar og dårleg infrastruktur til gåande og syklande, gjer det også utfordrande for mange å gå og sykle. Personbilen er derfor den primære transportforma i kommunen.

Alver har òg mange som pendlar ut av kommunen for å jobbe, dei fleste til Bergen. Mellom dei sentrale delane av Alver og Bergen er buss og båttilbodet godt. Dei fleste pendlarane brukar likevel bil.

Status for sentera

Knarvik, Frekhaug, Lindås, Manger, Bøvågen, Ostereidet og Vikebø haratt status som lokal- og nærsenter i Alver kommune. Knarvik er regionsenter, medan dei andre seks har status som lokal- og nærsenter ifølgje intensjonsavtalen for Alver kommune.

Sentera har ulike funksjonar og ulikt befolkningsgrunnlag. Knarvik er i ei særstilling med eit breitt handel- og tenestetilbod samt spesialiserte offentlege funksjonar. Men òg lokalsentera er ulike. Frekhaug har om lag 6 000 innbyggjarar i omlandet sitt, og eit betydeleg handel- og tenestetilbod. Dei minste sentera har langt færre innbyggjarar i sine omland, og eit avgrensa offentleg og kommersielt tenestetilbod.

Alver har få innbyggjarar i sentera samanlikna med andre tilsvarande kommunar. Dette svekker grunnlaget for ein del tilbod, og dermed attraktiviteten til sentera som møteplassar. Det kan i neste omgang bidra til handelslekkasje frå lokalsentera til Knarvik internt i Alver, og ut av kommunen til Åsane og Bergen.

Små hushald i store bustader

Bustadmengda i Alver er dominert av einebustadar, spesielt i perifere delar av kommunen. Samstundes utgjer små hushald, med anten ein eller to personar, over halvparten av hushalda i kommunen. Også desse små hushalda bur i all hovudsak i einebustadar.

Å bu åleine er blitt meir utbreidd i alle aldersgrupper dei siste åra, men det er mest utbreidd blant eldre. Likeeins utgjer par med utflytta born størsteparten av hushalda som består av to personar. Aldringa av befolkninga inneber derfor at det blir fleire små hushald i åra som kjem. Mange av desse vil bli buande i den bustaden dei bur i i dag, anten fordi dei ønsker det eller fordi det ikkje er økonomisk mogleg for dei å flytte. Men vi veit òg at mange innbyggjarar kring pensjonsalder ønsker å flytte til ein mindre bustad, og erfaring syner at ein betydeleg del gjer alvor av ønsket.

At personar kring pensjonsalder flyttar gjer einebustadane tilgjengelege for barnefamiliar på utkikk etter slike bustadar. Mangel på mindre bustadar kan såleis bremse denne "rotasjonen" i bustadmarknaden, og bidra til at innbyggjarane blir buande i bustadar som ikkje passar ønsket deira.

Sterk frivilligheit og deltaking i lag og organisasjonar

Deltaking i lag og organisasjonar er utbreidd mellom innbyggjarane i Alver. Ifølgje kulturundersøkinga som blei gjort i 2019 deltek to tredelar av innbyggjarane i kommunen i lag og organisasjonslivet.

Den tredelen av befolkninga som *ikkje* deltek trekk fram mangel på tid, og at dei ikkje har funne tilbod som interesserer dei, som dei viktigaste årsakene til å ikkje delta. Deltaking ser og ut til å gå i arv, foreldre som deltek får ofte barn som deltek.

Dei fleste har det godt, men utanforskapet aukar

Dei fleste innbyggjarane i Alver har det godt. Samanlikna med landet som heilskap har Alver høg yrkesdeltaking, få fattige og større grad av sosial likskap. Både blant vaksne og ungdommar rapporterer fleirtalet at dei er nøgde med helsa, tilfredse med livet og føler seg trygge i nærmiljøet sitt.

Samstundes skal vi vere merksame på tilhøva for det mindretalet som er på «*feil side*» i levekårsstatistikken. Om lag ein tidel av borna i Alver veks opp i familiar med låg inntekt, og denne delen har vakse dei siste åra. Det har òg vore ein viss vekst av arbeidsuføre, særleg blant unge. Ein tredel av ungdomskuleelevane trivst ikkje på skulen, ventar *ikkje* eit lukkeleg liv og er ofte einsame.

Sårbar straumforsyning

Teknisk infrastruktur, som straum- og vassforsyning, avlaup, vegframkomst og telekommunikasjon er ein føresetnad for at samfunnet skal fungere.

I Alver er særleg straumforsyninga og ferdselen inn og ut av kommunen sårbar. Mykje person- og godstransport går over Hagelsundbrua og Nordhordlandsbrua, og konsekvensane blir store om ei av bruene skulle bli sett ut av drift over lenger tid. Elles er vassforsyninga, som er basert på opne vasskjelder, utsett for forureining. Algeoppblomstring er òg eit tilbakevendande problem, som det kan vere grunn til å vente meir av etterkvart som klimaet blir varmare.

Klimaendringar vil òg auke risikoen for ekstreme naturhendingar. Erfaring syner at sterk vind kan forårsake problem i Alver, til dømes ved at tre bles over straumlinjer og forårsakar straumbrot, eller at ferdselen over bruene blir hindra. Med varme og nedbørsfattige somrar følgjer tørke. Det kan vere kritisk for landbruksnæringa, og aukar risikoen for lyng- og skogbrann. Det er få skred og flaumutsette område i Alver, og det er lite busetjing i desse områda, men overflatevatn som følgje av ekstremnedbør kan likevel forårsake skade.

Konkurransen om areala

Befolkningsvekst og eit aktivt næringsliv inneber utbygging av bustad- og næringsområde. I nokre tilfelle er det forskjellige utbyggingsformål som konkurrerer om dei same areala. I andre tilfelle kjem utbygginga i konflikt med vern av biologisk mangfald, kultur- eller naturlandskap. I Alver blir det gitt ein del dispensasjonar for bygging i landbruk, natur og friluftareal.

Kor er vi i 2040?

Hovudmål 1: Innbyggjarane i Alver lever gode kvardagsliv

Delmål 1: Alver har levande lokalsamfunn med busetting i heile kommunen

Alver kommune er ein stor kommune i areal med spreidd busetting, mange bygder og desentralisert tenestestruktur. Aktive og inkluderande lokalsamfunn gjer at folk etablerer seg og blir buande. Det skal vere gode lokalsamfunn i heile kommunen.

Delmål 2: Knarvik er eit senter med attraktive tilbod, arenaer og møteplassar for heile regionen

Knarvik er regionsenter for ein region med over 40.000 innbyggjarar, i tillegg til å vere kommunesenter for Alver. Knarvik må utviklast til ein attraktive bygdeby med tilbod og tenester som naturleg høyrer heime i eit regionsenter. Eit attraktivt regionsenter kan tiltrekke seg nye innbyggjarar, og demme opp for handelslekkasje og pendling til arbeidsplassar i Bergen. Knarvik skal utviklast til eit urbant sentrum, der det er viktig å ta vare på natur- og friluftsområde i og rundt byen. Det må utviklast gode koplingar mellom sentrum, sjøen, og turterrenget i områda rundt. Desse kvalitetane er mykje nytta og høgt verdsett av innbyggjarar og tilreisande.

Delmål 3: Nye bustadar, handel, service og kontorarbeidsplassar er i hovudsak lokalisert i definerte senter

Alver kommune skal ha ein definert senterstruktur med region-, lokal- og nærsenter. Dette er senter som spelar ei viktig rolle i kvardagen til innbyggjarane, både for dei som bur i sentrumsområda og for dei som bur utanfor. I sentera skal innbyggjarane få dekke sine daglege behov og finne handel-, service- og tenestetilbod samla på ein stad. I tillegg skal sentrumsområda vere attraktive for bustad, jobb, oppleving, skule og rekreasjon. Nærleiken til desse kvalitetane gjer at sentera blir ettertrakta for innbyggjarar i alle livsfasar

Delmål 4: Nærmiljøa i Alver fremmar deltaking, tryggleik og god helse

Nærmiljø og lokalsamfunn i Alver skal utviklast slik at dei inviterer til fysisk aktivitet, deltaking og sosial inkludering. Innbyggjarar skal føle seg trygge og inkluderte med tilrettelagt infrastruktur og gode møteplassar. Eit nærmiljø kan definerast på mange ulike måtar og består av ulike arenaer og funksjonar, til dømes eit bustadfelt, ein leikeplass, skule, barnehage, kulturtilbod, trygge gang- og sykkelveger, fritidsaktivitetar, eit sentrumsområde, nærbutikken eller turstiar.

Delmål 5: Innbyggjarane i Alver bur i trygge og gode bustader

Innbyggjarane i Alver bur i bustadar som har god kvalitet og er tilpassa egne behov, ønske eller funksjonsnivå. Kommunen må vurdere bustadsosiale grep for dei som ikkje har moglegheit til å bu trygt og godt.

Delmål 6: Born og unge i Alver har ein trygg oppvekst

Barn og unge i Alver skal ha eit oppvekstmiljø som sikrar ein trygg og god oppvekst. Kommunen og samfunnet skal jobbe målretta og med førebygging gjennom ulike tenester og på ulike arenaer, til dømes i barnehagar, skular, arealplanlegging og kultur- og idrettsorganisasjonar.

Delmål 7: Innbyggjarane i Alver har ein meningsfylt og aktiv kvardag

Innbyggjarane i Alver skal ha moglegheit til å fylle livet med aktivitetar som gir mening og skapar trivsel. Det er opp til kvar enkelt å definere kva som gir mening, men Alver har organiserte tilbod og uorganiserte arenaer som gjer at terskelen for å delta er låg. Deltaking i organiserte aktivitetar kan motverke utanforskap og bidra til fellesskap på tvers av bakgrunn og ulike skilnader. Innbyggjarane i Alver kan til dømes vere aktive i frivillige lag og organisasjonar, i tillegg til å glede seg over aktivitetar som turstiar, leikeplassar, badeplassar eller bibliotek.

Delmål 8: Innbyggjarane i Alver skapar, opplever og deltek aktivt i lokale kultur- og idrettstilbod

Eit attraktivt, mangfaldig og inkluderande kulturliv skal vere ei drivkraft i utviklinga av kommunen og lokalsamfunna. I Alver skal innbyggjarane ha høve til å skape, oppleve og delta i gode lokale kultur- og idrettstilbod, der særleg barn og unge vert godt rusta til framtidens samfunnsniv.

Delmål 9: Frivillig sektor i Alver er mangfaldig og sterk

Innbyggjarane i Alver er aktive i frivillige lag og organisasjonar, og dei frivillige er med på å skape aktive og gode nærmiljø. Frivilligheita skal blomstre på eigne premissar og skal bidra til fellesskap i heile kommunen. Dei frivillige og kommunen må ha eit tett samarbeid for å skape engasjement, utvikle gode lokalsamfunn, aktuelle tenester og tilbod til innbyggjarane.

Delmål 10: Alver er rusta til å møte eit klima i endring

Klimaet blir varmare og våtare over tid, og risikoen for ekstreme klimahendingar aukar. Alver skal planlegge, utvikle og drifte kommunen for å møte eit klima i endring. Kommunen skal ha beredskap for eit klima i endring og ta omsyn til dette i all planlegging, utbygging og drift.

Delmål 11: Alver er eit klimavenleg samfunn

Alver kommune må ha klare ambisjonar for å bygge eit klimavenleg samfunn. Samfunnet og kommunen må satse på gjenbruk, sirkulærøkonomi, energieffektivisering, miljøvern og reduksjon av klimagassutslepp. Kommunen sjølv må gå framfor som eit godt eksempel på desse områda.

Delmål 12: Innbyggjarar i Alver nyttar klima- og miljøvenlege transportløysingar til skule, jobb og fritid

For å nå overordna klimamål må Alver utvikle kommunen slik at innbyggjarane i større grad kan gå, sykle og bruke kollektiv som transportmiddel til skule, jobb og fritid. Sidan Alver er ein stor kommune i areal, vil dette vere mest aktuelt i definerte senter. I tillegg er det viktig å satse på effektive og miljøvenlege transportløysingar mellom kommunen og Bergen sentrum. For mange innbyggjarar vil personbil vere einaste alternativ til transport, og då er det viktig at kommunen byggjer ut infrastruktur for nullutsleppstransport i heile kommunen.

Delmål 13: Alver sikrar naturverdiar og naturmangfald, og tek vare på verdifulle kulturlandskap og friluftsområde

Alver kommune tek grep for å sikre viktige naturverdiar og naturmangfald, og skal forvalte verdifullt landbruksareal, kulturlandskap og friluftsområde mot fysiske inngrep og utbygging.

Delmål 14: Innbyggjarane i Alver nyttar sjøen, kysten og sjønære område til fritid og rekreasjon

Alver er ein kommune med lang kystline og store sjøområde. Sjøen og kysten har ein stor verdi for innbyggjarar og besøkande, og er viktige område for fritid og rekreasjon. Det er eit politisk ønske å sikre betre tilgang til sjøen og sjønære område for fritidsaktivitetar og rekreasjon, til dømes med tilrettelegging av areal og infrastruktur som kaiar, båthamner, badeplassar og friluftareal. Det er også ønske om å utfordre nasjonal strandsonopolitikk for å kunne leggje betre til rette for fritidsbustader, båtplassar og naust i sjønære område

Delmål 15: Innbyggjarane er involvert i utviklinga av kommunen og dei kommunale tenestene

Alver skal vere ein føregangskommune når det gjeld dialog og medverknad med innbyggjarar. Innbyggjarane skal kunne påverke utviklinga av samfunnet og utforminga av kommunen sine tenester.

Delmål 16: Innbyggjarane i Alver opplever at dei får tenester tilpassa sine behov

Kommunen skal gje tenester tilpassa innbyggjarane sine individuelle behov. Tenestene må vere koordinerte og saumlause, og ulike aktørar skal samarbeide for å gje riktige tenester ut frå konkrete behov. Det er viktig at kommunen driv målretta kompetanseutvikling, som sikrar rett kompetanse i forhold til innbyggjarane sine behov.

Delmål 17: Alver kommune nyttar ny teknologi, digitalisering og innovative løysingar i utvikling av tenester og organisasjon

For å sikre effektive prosessar og tenester, skal Alver kommune bruke digitalisering, robotisering, automatisering og teknologiutvikling innafør dei område der det er tenleg.

Delmål 18: Alver kommune er ein attraktiv, trygg og utviklingsorientert arbeidsplass

Alver kommune skal vere ein utviklingsorientert organisasjon. Medarbeidarar og leiarar tar ansvar for å utvikle kommunen, både tenester og organisasjon. Alver skal vere kjend for å ha eit godt fysisk og psykososialt arbeidsmiljø. Alver skal jobbe aktivt med å rekruttere kvalifisert arbeidskraft, og dei tilsette får brukt sin kompetanse og utvikla seg fagleg. I tillegg skal Alver jobbe systematisk med kompetanseutvikling for å kunne løyse nye behov og oppgåver. Kommunen skal også jobbe for at fleire tilsette kan ha heile stillingar.

Innovativt og berekraftig næringsliv

Innleiing

I avsnittet «*Kor står vi i dag?*» kan du lese om trekk i samfunnsutviklinga som påverkar næringslivet i Alver. Dette faktagrunnlaget, saman med innspel frå næringslivet i kommunen, ligg til grunn for måla om at Alver skal ha eit innovativt og berekraftig næringsliv. Delmåla er lista opp og forklart i avsnittet «*Kor er vi i 2040?*».

Kor står vi i dag?

Høg verdiskaping

Få, om nokon, kommunar på Alver sin storleik kan skilte med tilsvarande verdiskaping. Med oljeraffineriet og basen på Mongstad er Alver mellom dei viktigaste plassane for olje- og gassnæringa i Norge. I 2019 var den direkte verdiskapinga innan olje og gassnæringa i Alver på omlag 3 milliardar kroner, om lag like mykje som resten av næringslivet i kommunen til saman. I tillegg til den direkte verdiskapinga gir olje- og gassnæringa betydelege ringverknadar i andre delar av næringslivet.

Det er likevel viktig å understreke at Alver også har *ikkje-oljeavhengige* verksemder med høg verdiskaping, både innan landbruk, oppdrettsnæring, industri og tenesteyting. Også varehandelen står for mykje av verdiskapinga i Alver, trass i sterk handelslekkasje ut av kommunen.

Store klimagassutslepp, og svak arbeidsplassvekst

Store klimagassutslepp er ein konsekvens av rolla som vertskapskommune for olje- og gassnæringa. Klimagassutsleppa frå verksemder på Mongstad er mange gonger større enn utsleppa innbyggjarane i kommunen genererer. Alver er mellom kommunane i landet med størst klimagassutslepp, trass i at vi berre er ein mellomstor kommune målt i folketal.

Olje- og gassnæringa har òg stor betydning for sysselsetjinga i Alver. Samanlikna med landet elles er Alver kjenneteikna av at industriarbeidsplassar utgjer ein større del av sysselsetjinga i privat sektor. Størsteparten av desse er knytt til olje- og gassnæringa. Tenesteytande næringar, og særleg såkalla *kunnskapsintensiv forretningsmessig tenesteyting* (KIFT) er tilsvarande *lite* representert i Alver. Handelsnæringa er ein av dei største sysselsetjarane i kommunen, men sterk handelslekkasje gjer at næringa likevel er underrepresentert innbyggjartalet teke i betraktning.

Industridominansen i næringslivet har bidrege til *svak* arbeidsplassutvikling i Alver dei siste åra. Kvar for seg har ikkje næringane i Alver utvikla seg særleg annleis enn nasjonalt. Men den nasjonale tendensen til at det blir færre industriarbeidsplassar slår kraftig ut i Alver, sidan vi har så mange av desse arbeidsplassane i utgangspunktet.

Venta tap av arbeidsplassar gir behov for omstilling

Dei komande åra er det venta at aktiviteten i olje- og gassnæringa vil falle. Næringas viktigaste eksportmarknad, EU, har vedteke 55 prosent reduksjon i CO₂-utlsepp innan 2030, og ei såkalla «dekarbonisering» av økonomien. Ifølgje perspektivmeldinga til regjeringa frå 2021 er det nasjonalt venta tap av 50 000 arbeidsplassar innan olje- og gass innan 2030. Dette tapet vil òg påverke Alver.

For å halde sysselsetjinga ved like er Alver altså avhengig av betydeleg omstilling i løpet av 2020-talet. Scenarioanalysen for Nordhordland frå 2021 peikar på ei rekkje moglegheiter for ny næringsutvikling. Oppdrett, havvind og produksjon av batteri eller hydrogen er døme på grøne næringar som kan bli viktige i Alver framover.

Erfaring har vist at Alver møter sterk konkurranse frå andre kommunar når det gjeld å trekke til seg investeringar innan desse næringane. Våre konkurransefortrinn er å tilby byggeklare næringsareal med godt utbygd infrastruktur i tilknytning til sterke næringsmiljø. Me har òg ein arbeidsstokk med sterk industrikompetanse og tradisjon.

I tillegg til etablering av verksemder innan industri og oppdrettsnæring vil framtidig næringsutvikling i Alver vere avhengig av om vi lukkast med å utvikle verksemder innanfor såkalla "*kunnskapsintensiv forretningsmessig tenesteyting*" (KIFT). Til no har Alver tatt lite del i veksten desse næringane har hatt nasjonalt. Å tilby attraktive kontorlokale er ein vesentleg føresetnad for dette.

Samstundes er det betydelege barrierar mot å realisere Alver sine næringsmoglegheiter i åra som kjem. Sidan fleire av dei identifiserte moglegheitene vil krevje store mengder elektrisk energi, er den svake nettkapasiteten gjerne den største av desse barrierane.

Mangel på kvalifisert arbeidskraft er ei anna problemstilling som næringslivet i Alver slit med å handtere. Mangelen er størst for personar med forskjellige typar fagutdanningar, samt ingeniørar. Å betre tilgangen på nødvendig arbeidskraft vil krevje betra samarbeid mellom mellom næringsliv og utdanningsinstitusjonar, både i og utanfor kommunen.

Nærleiken til Bergen gir vekst i folketal, men skarp konkurranse om arbeidskrafta

Parallelt med svak arbeidsplassutvikling, har Alver hatt sterk tilflytting og vekst i folketallet dei siste 15 åra. Det er arbeidsplassutviklinga i Bergen, og moglegheitene for å pendle dit som har gjort dette mogleg. I dag pendlar om lag 4000 av Alver sine innbyggjarar til Bergen for å jobbe.

Nærleiken til Bergen gir verksemdene i Alver tilgang til ein av dei største arbeidsmarknadane i landet. Ulempa er at konkurransen om arbeidskrafta er skarp. Bedriftsundersøkinga som NAV gjennomfører med jamne mellomrom syner at næringslivet i Alver manglar arbeidstakarar, særleg med teknisk fagutdanning eller ingeniørutdanning.

Ein av Vestlands største landbrukskommunar

Alver er ein av dei største landbrukskommunane i Vestland fylke, både innan jordbruk og skogbruk. Mangesysleriet står framleis sterkt og bøndene er flinke til å finne fleire bein å stå på. Nærleiken til Bergen, og den auka interessa for kortreist mat, er ei moglegheit som blir utnytta. Aktiviteten innan skogbruket har tatt seg opp den siste tida, og er venta å auka etter kvart som meir skog blir hogstmoden.

Samstundes er om lag ein femtedel av jordbruksarealet i Alver ute av drift, og det blir stadig færre bønder. Særleg betyding har det at det er blitt færre mjølkebønder, sidan mjølkeproduksjon gir best grunnlag for heiltidsdrift. Alver-jordbruket er kjenneteikna av små gardsbruk og teigar, som gjer det krevjande å drive lønsamt. Dette, kombinert med at regionen har hatt god tilgang til andre godt betalte arbeidsplassar i industrien, kan ha bidratt til å svekke rekrutteringa til landbruket i Alver. I dag blir mange landbrukseigedomar nytta som fritidsbustad.

I åra som kjem er det venta at utfordringane som følgjer det fuktige klimaet vil bli styrka. Det er òg sett ambisiøse mål for kutt av klimagassar frå jordbruksnæringa, som vil krevje innsats og investeringar på mange område.

Kor er vi i 2040?

Hovudmål 2: Næringslivet i Alver er innovativt og berekraftig

Delmål 19: Næringslivet i Alver tar aktivt del i ny industriutvikling med fokus på sirkulærøkonomi, fornybar energi og digitalisering

Scenarioanalysen for Nordhordland presenterer sentrale drivarar som er venta å påverke utviklinga av ny og framtidsretta industri i regionen. Desse drivarane er mellom anna sirkulærøkonomi, dekarbonisering, energitransformasjon, digitalisering og robotisering. Verksemdene i Alver har sterk industriell kompetanse og kan ta ei aktiv rolle innafor for fleire av desse områda.

Mål 20: Verksemdene på Mongstad og ved Fensfjorden er pådriver for grøn industriell næringsutvikling

Scenarioanalyse Nordhordland har identifisert framtidige industriinvesteringar i regionen på over 24 milliardar kroner (inkludert batterifabrikk), med potensielt 4300 nye arbeidsplassar. Tyngdepunktet for desse investeringane ligg på Mongstad og ved industriområda rundt Fensfjorden. Mongstad og Fensfjorden har ein unik industriell kompetanse som er eit stort fortrinn for regionen, og dette området bør nyttast til å utvikle nye og grønne næringar. Det er anbefalt at kommunane rundt Fensfjorden utarbeider ein industriell utviklingsstrategi for Fensfjorden.

Delmål 21: Arealintensiv næring ligg langs hovudvegnettet

Større næringsområde for arealintensiv industri og næring bør utviklast langs europaveg og sentrale fylkesvegar. For vidare utviding og utvikling av næringsareal, bør kommunen ha fokus på fortetting og utvikling av eksisterande næringsområde der det er tilrettelagt infrastruktur.

Delmål 22: Næringslivet i Alver utnyttar potensialet for verdiskaping i sjø og kystnære område

Alver er ein kommune med lang kystline og store sjøområde. Dette er område som har eit potensiale for framtidig verdiskaping og næringsutvikling. Alver ønskjer å leggje aktivt til rette for ny og berekraftig næringsetablering knytt til sjø, kyst og kystnære område. Aktuelle næringar er mellom anna petroleumsindustri, skipsfart, havbruk, fiskeri, fornybar energi, reiseliv, hamn og logistikk.

Delmål 23: Næringslivet i Alver har tilgang til byggeklart næringsareal

For å sikre ny industriutvikling er det viktig å ha infrastruktur der verksemdene kan etablere seg raskt, såkalla «*plug and play*». Då er det viktig å byggeklare tomtar og tilrettelagt infrastruktur.

Delmål 24: Landbruksnæringa i Alver er konkurransedyktig og utviklingsorientert

Alver er ein stor landbruk- og skogbrukskommune. Det er eit stort potensiale for å utvikle landbruket som næring med til dømes fokus på lokale produkt og lokal identitet.

Delmål 25: Kommune, næringsliv, utdannings- og forskingsmiljø samarbeider om kompetanseutvikling og innovasjon

Kommunen etablerer ikkje næring, men er ein viktig tilretteleggjar, pådrivar og støttespelar. Kommunen må ha eit strategisk samarbeid med ulike aktørar som saman bidrar til målretta nærings- og samfunnsutvikling. Det bør også vere ei klar rollefordeling mellom aktørane, slik scenarioanalyse Nordhordland tilrår.

Delmål 26: Innbyggjarane i Alver nyttar attraktive kultur- og opplevingstilbod som er utvikla i samarbeid mellom næringsliv, dei frivillige og offentleg sektor

Det må vere eit tett samarbeid mellom offentleg, privat og frivillig sektor for å utvikle Alver og Nordhordland som ein attraktiv region med ein sterk identitet. Aktørane bør samarbeide om prosjekt som kan gi regionen større attraktivitet, og aktuelle prosjekt kan til dømes vere kulturhus, basseng, sherpatrapp-prosjekt, friområde og dagstur/kystled.

Prinsipp for arealbruk

Innleiing

Dette kapitlet er eit bindeledd mellom samfunnsdelen og arealdelen til kommuneplan for Alver, og presenterer prinsipp for arealbruken. Fleire av måla i kapittel 4 "Gode kvardagsliv" og kapittel 5 "Innovativt og berekraftig næringsliv", har ein konsekvens for korleis vi brukar areala våre. Prinsippa viser korleis vi fysisk skal utvikle kommunen vår og avklarar sentrale omgrep. Prinsippa i dette kapitlet er ikkje juridisk bindande, men er eit grunnlag for arbeidet med kommuneplanen sin arealdel.

Prinsipp for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging

Samordna bustad-, areal- og transportplanlegging

Statleg planretningslinje for samordna bustad-, areal-, og transportplanlegging er eit overordna styringsdokument for kommunane. Føremålet med retningslinja er å skape berekraftige og attraktive byar og tettstader, legge til rette for verdiskaping og næringsutvikling, og fremme helse, miljø og livskvalitet. Samordninga skal og sikre ei meir samfunnsøkonomisk effektiv utnytting av ressursane, ved å redusere behovet for store private og offentlege investeringar i infrastruktur og forenkle tenesteproduksjonen til kommunen.

Prinsipp for samordna bustad-, areal-, og transportplanlegging i Alver:

- Vi skal samordne utbyggingsmønster og transportsystem, slik at vi reduserer behovet for transport og legg til rette for meir bruk av klima- og miljøvennlege transportformer.
- Vi skal vurdere potensiale for fortetting, utviding og transformasjon av eksisterande bebygde areal, før vi opnar for utbygging av nye område.
- Vi skal sørge for at ny utbygging er tilpassa eksisterande og/eller planlagt kapasitet på offentlege tenester, tilbod og teknisk infrastruktur.
- Vi skal legge til rette for at flere kan gå og bruke sykkel i kommunen, og etablere samanhengande gang- og sykkeltilbod i og rundt sentera.
- Vi skal legge vekt på effektiv og sikker trafikkavvikling i planlegginga.
- Vi skal ta omsyn til grøntstruktur, forsvarleg handtering av overvatn, naturmangfald, matjord, kulturminne, kulturmiljø og estetiske kvaliteter.
- Vi skal ta særleg omsyn til innbyggjarar som har låg mobilitet.

Prinsipp for bustadutvikling

Vi skal ha størst bustadvekst i dei definerte sentra våre. I tillegg ønskjer vi å ta vare på og styrke kvaliteten som ligg i det å ha spreidd busetnad og skal legge til rette for bustadutvikling i heile kommunen.

Følgjande prinsipp er viktige for å sikre kvalitet i bu- og nærmiljøa våre:

- Vi skal vidarutvikle, fortette og bygge på eksisterande bustadområde, framfor å etablere nye bustadområde på ubebygde areal.
- Vi skal stille følgjande kvalitetskrav til bustadområde:
 - Vektlegging av barn og unge sitt oppvekstmiljø

- Nærtur, tursti, møteplassar og samanhengande grøntstruktur
- Samanhengande gang- og sykkeltilbod (trygg ferdsel).
- Offentleg vass- og avløpsanlegg eller godkjente private anlegg
- Universell utforming
- Levande lokalsamfunn:
 - Vi skal planlegge for ny utvikling i tilknytting til eksisterande bebygde areal, skule og barnehage.
- Kvalitetskrav til spreidd busetnad:
 - Ny utbygging skal ta vare på kvalitetane i området.
 - Ny utbygging skal ikkje bygge ned areal med aktivt landbruk og verdifulle kulturmiljø.

Prinsipp for næringsutvikling

Næringslivet i Alver har ein etablert geografisk struktur, med eit tyngdepunkt på Mongstad og ved Fensfjordbassenget. Mål for næringsutviklinga skal vidareutvikle og forbetre næringslivetvårt sin posisjon inn i framtida. For å nå måla skal vidare utvikling ta utgangspunkt i følgjande prinsipp:

- Vi skal vidareutvikle, fortette og bygge på eksisterande næringsområde, framfor å etablere nye næringsområde på ubebygde areal.
- Vi skal ivareta og styrke etablerte næringsområde, med tilrettelagt infrastruktur (veg, vatn og avløp med meir).
- Vi skal i hovudsak legge kontorarbeidsplassar til region- og lokalsentera.
- Vi skal ivareta og styrke etablerte landbruksområde.
- Vi skal ha berekraftig arealbruk og forvaltning av kyst og sjø, og legge til rette for verdiskaping i sjøområda.

Prinsipp for offentlege tenester/tilbod

Hovedtyngda av tenester og tilbod i Alver kommune ligg i dei definerte sentera og i tilknytting til skulane. For at flest mogleg skal ha nytte av idrettsanlegg og andre fritids- og kulturtilbod, må tilbodet vere der folk bur. For å nå måla skal vidare utvikling ta utgangspunkt i følgjande prinsipp:

- Lokalisering av offentlege tenester og tilbod skal i hovudsak bygge opp under eksisterande aktivitet og tilbod i definerte senter.

Prinsipp for senterutvikling

Senterstruktur i Alver

Eit senter er eit geografisk område med funksjonar som offentlege og private tenester, handel og så vidare, som fungerer som eit knutepunkt til eit omland. Kor sentera skal vere blir bestemt i regional og/eller kommunal plan. Sentera blir plassert i eit hierarki (ulike senternivå) på bakgrunn av innbyggjartal og kva for servicenivå kvart senter skal kunne tilby.


Intensjonsavtalen til Alver kommune vedtok ein senterstruktur med Knarvik som region- og kommunesenter, og Manger, Frekhaug, Lindås, Ostereidet, Vikebø og Bøvågen som lokal- og nærsenter. Våren 2021 vart arbeidet med mogleghetsstudien for lokal- og nærsentra i Alver avslutta. Studien gav ei fagleg tilråding om at Alver kommune bør ha ein tredeling på senterstrukturen (i tråd med føring i Regional plan for attraktive senter) for dei sju sentera som er definert i intensjonsavtalen til Alver kommune:

- Kommune- og regionsenter: Knarvik
- Lokalsenter: Manger, Frekhaug, Lindås og Ostereidet
- Nærsenter: Vikebø og Bøvågen

Når vi bestemmer oss for å dele senterstrukturen i tre, har vi behov for ei ny vurdering av talet på nærsenter. Denne vurderinga skal vi gjere i arbeidet med kommuneplanen sin arealdel.

Eit senter bør innehalde dei viktigaste funksjonane som innbyggjarane treng i kvardagen. Det vil vere ulike tilbod på dei ulike nivåa i senterstrukturen.

Utvikling av levande og attraktive sentera med varierte butilbod, trivelege gang- og sykkelsamband, møteplassar og kvalitet på lokale tilbod (handel, tenester og fritid) er ein styrke både for dei som bur i sentera og omlandet rundt.



Eit regionsenter er ein tettstad som inneheld senterfunksjonar som handel og tenester for eit definert omland. Regionsentera skal tilby innhald og funksjonar som ein ikkje kan vente å finne i alle kommunar. Vi reknar ein times køyretid som ein rimeleg avstand frå bustad til regionsenter. Knarvik er regionsenter for Alver og kommunane Modalen, Masfjorden, Austrheim og Fedje.

Kommunesenter er administrasjonssenteret i ein kommune. I Alver er Knarvik kommune- og regionsenter.

Lokalsenter har handel og tenester og så vidare som er dimensjonert for eit større lokalområde i kommunen. Eit lokalsenter kan innehalde meir enn 3.000 m² bruksareal for detaljhandel og har fleire funksjonar enn eit nærsenter.

Nærsenter er eit mindre senter med opptil 3.000 m² samla bruksareal for detaljhandel. Eit nærsenter vil typisk innehalde daglegvarebutikk, private og offentlege helse- og velvære tenester og så vidare, som dimensjonert for nærmiljøet.

Daglegvarehandel inntil 3000 m² kan lokalisrast utanfor sentera i område med høg bustadkonsentrasjon og i tilknytning til bygdene.

Handel der vareutvalet i hovudsak er store varer, som biler, båtar, landbruksmaskiner, trelast, byggevarer og hagesenter er ikke rekna med i dei tillatte handelsareala i sentera.

Kvalitetar i sentera

Satsinga på sentera i Alver kommune er både ein styrke for dei som bur i sentera og for innbyggjarane som bur utanfor, og nyttar sentera til ulike tenester og tilbod.

For å nå måla for vidare utvikling tar vi utgangspunkt i følgjande prinsipp:

- Vi skal samle sentrumsfunksjonane, slik at dei er tilgjengeleg for fleire.
- Lokalisering av nye bygg og funksjoner skal bygge opp under eksisterande kvalitetar.
- Vi skal legge til rette for fleirfunksjonelle områder – «liv i sentrum» og sambruk.
- Vi skal legge til rette for varierte bustadtypar i alle sentera, gjerne nær til og i sentrum.
- Sentera skal ha samanhengande grøntstruktur; nærtur, tursti, torg og møteplassar.
- Sentera skal ha samanhengande gang- og sykkeltilbod (trygg ferdsel).
- Vi skal stille krav til estetikk/arkitektur.
- Vi skal primært ha offentleg vass- og avløpsanlegg.

Kompakt senterutvikling (Fortetting i eit Alver-perspektiv)

Funksjonane må vere mest mogleg samla for å sikre at sentera blir gode møteplassar. Med ein meir kompakt utforming av sentera styrker vi næringsgrunnlaget for handel. Vi opnar opp for sambruk av funksjonar og parkering, fleire kan gå eller sykle, og grunnlag for nye funksjonar vi elles ikkje ville fått.

Prinsipp for avgrensing av sentera og sentrumsfunksjonane:

- Vi skal definere kva som skal vere lokal vekstzone for kvart senter for å hindre utflyting og sikre at nye utbyggingsområder kjem innanfor vekstssona:
 - 1 til 2 km frå haldeplass i sentrum.
- Vi skal definere kva som skal vere sentrumsutstrekning for kvart senter for å samle fellesfunksjonene i kompakte og fleirfunksjonelle senterområde. Sentrumsutstrekninga skal vere tilpassa eksisterande funksjonar og reguleringsplaner.
 - ca 200 m radius, rundt eksisterande sentrum, i lokal- og nærsentera.
 - ca 600 m radius, rundt eksisterande sentrum, i regionsenteret.

- Vi skal berre ha ny handel innanfor sentrumsutstrekninga.
- Funksjonar som er mykje besøkt av publikum skal ligge innanfor sentrumsutstrekninga, med unntak av arealkrevjande aktivitet, til dømes idrett.
- Hovuddelen av ny bustadutvikling i delområdet bør skje innanfor lokal vekstsone.
- Dei viktigaste fellesfunksjonane bør liggje innanfor lokal vekstsone.
- Vi skal legge til rette for sambruk av parkeringsplassar for å redusere arealbruk (til parkering).
- Vi skal legge til rette for sambruk og på den måten få fleire funksjonar på staden.

Prinsipp for klimavenlege transportløyningar

Prinsipp for sykkel og gange

For å sikre at innbyggjarane våre i større grad kan gå og bruke sykkel til sine daglege reiser, er utbygging av infrastrukturen viktig. Standarden for gang- og sykkelnettet må tilpassast lokalt. I nokre områder kan tilbodet for gåande og syklende vere i blanda trafikk, mens det i andre områder bør vere separate anlegg for gåande og syklende.

For å nå måla tar vi utgangspunkt i følgjande prinsipp:

- Vi skal etablere samanhengande tilbod for gåande i gåavstand frå sentrum i dei definerte sentera.
- Vi skal etablere samanhengande tilbod for syklende i sykkelavstand frå sentrum i dei definerte sentera.
- Vi skal etablere trygge skuleveggar for gåande og syklende (Per 2021 har elevar som bur meir enn 4 km frå skulen rett på skuleskyss, difor reknast 4 km frå skular som skuleveg).
- Vi skal sikre gang- og sykkelveg i planlegginga av bumiljø.
- Vi skal ha sykkelparkering ved viktige målepunkt, til dømes ved kollektivknutepunkt og skule.
- Vi skal ha garderober og plass til enkel sykkelstell for tilsette i offentlege bygg.

Kollektivknutepunkt og hovudaksar for kollektivtransport

Frå sentera i Alver, inn mot Knarvik og til Bergen, er det potensiale for at kollektivtransporten kan vere eit alternativ til personbiltransport. Vidare satsing på sentera i Alver vil styrke dette.

For å nå måla tar vi utgangspunkt i følgjande prinsipp:

- Sentera i Alver skal vere knutepunkt for kollektivtransport.
- Vi skal ha knutepunkt for kollektiv der mange bur og ferdast.
- Når vi planlegg, bør vi legge til rette for innfartsparkering i nærleiken av kollektivknutepunkt eller langs ein kollektivstamveg.

Infrastruktur til nullutsleppssamfunnet

Til reiser der det ikkje er mogleg å gå, bruke sykkel eller ta kollektivtransport, er det avgjerande å legge til rette for at vi kan køyre el-bil i heile kommunen.

For å nå måla skal vi ta utgangspunkt i følgjande prinsipp:

- Når vi planlegg, bør vi legge til rette for at det kan etablerast offentleg tilgjengeleg ladeinfrastruktur for nullutsleppskøyretøy, særleg i definerte senter.

Oppfølgingsoppgåver i kommuneplanens arealdel

Tema vi skal sjå nærere på og ta stilling til i arbeidet med kommuneplanen sin arealdel:

Planprogrammet til arealdelen skal avklare kva tema som skal vurderast i planarbeidet. Følgjande tema er konkrete oppfølgingsoppgåver frå samfunnsdelen, og er ikkje ei uttømmmande liste over alt som skal vurderast i arbeidet med arealdelen.

Fastsette kvalitetskrav for bustadutvikling utanfor sentera, med utgangspunkt i prinsipp for bustadutvikling i kapittel 6.2 Prinsipp for samordna bustad-, areal-, og transportplanlegging.

Fastsette senterstruktur med 3 nivå - regionsenter, lokalsenter og nærsenter. Regionsenter og lokalsenter er definert i samfunnsdelen. I arealdelen skal vi gjere ei ny vurdering av talet på nærsenter.

Fastsette lokal vekstsone for alle definerte senter, med utgangspunkt i definisjon omtalt i kapittel 6.3. Prinsipp for senterutvikling.

Fastsette sentrumsutstrekning for alle definerte senter, med utgangspunkt i definisjon omtalt i kapittel 6.3. Prinsipp for senterutvikling.

Fastsette regional vekstsone - nasjonale og regionale føringar om at Alver kommune skal definere regional vekstsone rundt regionsenteret. Utgangspunktet for fastsetting av den regionale vekstsonen i arbeidet med kommuneplanen sin arealdel:

Den regionale vekstsonen rundt regionsenteret Knarvik er i området Frekhaug-Knarvik-Alversund. Innanfor regional vekstsone er det definerte tyngdepunkt rundt Knarvik og Frekhaug. Rundt Knarvik skal vi definere ei lokal vekstsone (regional vekstsone 1). Regionsenterfunksjonar skal vere lokalisert innanfor regional vekstsone 1 (unntak kan vere arealkrevjande publikumsintensive funksjoner, til dømes idrett). Rundt Frekhaug skal vi definere ei lokal vekstsone. Utviklinga innanfor regional vekstsone skal støtte opp og sikra gjennomføring av gjeldande reguleringsplanar før nye område vert utbygd.



Utgangspunkt for fastsetting av regional vekstsone.